

EDVARD HOEM
Slåttekar i himmelen

Roman



FORLAGET OKTOBER 2014

VENDEPUNKTET

1

SLÅTTEKAREN HEITTE Knut Hansen Nesje, men folk kalla han berre for Nesje, og jorda han hadde bygsla i lia over småbyen Molde, kalla dei Nesje-stykket. Nesje var min oldefar, og mykje vart fortalt om han i min barndom, av bestefar min, Edvard Hoem, og av far min, Knut.

Men sjølv om eg kjenner dei viktige årstala i livet hans og har enkelte vitnemål om korleis han levde, var det ikkje nok da eg skulle skrive om han. Eg måtte dikte han fram, av luft og ingenting, av lyset over Molde og Rekneslia, av vinden som ruskar meg i håret og regnet som fall på markene og menneska, i hans tid og i mi.

Den 17. juni 1874 vakna han tidlegare enn vanleg i huset han hadde bygd under himmelbrynet. Lommeuret som låg på ein stol ved sida av senga, viste at klokka var fem. Hjartet hans dunka ujamt, slik det gjorde når han hadde sove for lite, og han tenkte som elles når det hamra slik, at sinnet vårt ber på mang ei uro som vi ikkje forstår.

Han låg stille ei stund før det gjekk opp for han at det var fødselsdagen hans, og at han fylte seks og tredve år. To år var gått sidan kona Guri døde frå han. For første gong kjende han at tida hadde mildna smertene og saknet.

Han svinga føtene over sengekanten, tok seg ned den bratte loftstrappa og gjekk ut på baksida av huset for å kaste vatnet. Sommarmorgonen var i ferd med å vakne, med lukt av blomar og dampande jord. Han hørde fuglesong lenger oppe i lia, først ein måltrost, så eit kor av stare, bokfinkar og lauvsongarar.

Han gjekk inn igjen og drakk seg utørst av ei ause som stod i reinvassbytta, før han drog på seg ei vadmålsbukse som ein gong hadde vore eit stasplagg, ei linskjorte, ein vest og eit halstørkle. Vindauget stod opent. Eit starepar i eit reir under takskjegget var i gang med å fø fram ein ungeflokk. Han smurde ein brøds kalk og drakk eit krus mjølk til. Kaffe kokte han ikkje til kvardags, men om han seinare på dagen skulle bli bydd ein kaffekopp av tausene til Claus Gørvell, kom han ikkje til å takke nei. I sin ungdom hadde han unnt seg ein dram når han hadde fødselsdag, men etter at han vart aleine med guten, hadde han ikkje smakt sorten. Ein plassbonde og husmann har inga tid til rangling og lediggang. Sommardagen på Gørvell-garden var lang og hard, og når slåtten var ferdig der, måtte han slå seks pliktdagar på Reknes, for det var av Reknes han hadde bygsla jord. Utanom onnene gjorde Nesje i stand reiskapar ved høvelbenken og i smia, og han stelte dei danske arbeidshestane som Claus Gørvell var så glad i. I slåttonna gjekk han alltid fremst av dei fem slåttekaranne som sto på rekke etter kvarandre, og det var han som avgjorde farten

i skåren. Arbeidet på Gørvell-garden innebar at han måtte slå sitt eige jordstykke om nettene, så i onnetida om sommaren vart det gjerne ikkje meir enn tre–fire timar søvn. Om vinteren var han i skogen for Gørvell. Han arbeidde for ei halv dalar om dagen, eller seksti skilling, som ein sa, det var mindre enn den dagløna ein dagleigar fekk. Men Nesje var i arbeid på Gørvell-garden året rundt. Alle ledige stunder vår og haust gjekk med til å rydde, så og hauste på seksten mål jord som han hadde bygsla i Rekneslia. Ti mål hadde han lagt under ploegen på ti år. Seks mål stod igjen før han var ferdig. Alt dyrkingsarbeidet var gjort med spade og hakke. Berre til pløyinga hadde han lånt hest. Når førtiårsdagen rann, skulle all jorda han rådde over ligge som eng og åkerland. Slik var planen hans, og så langt hadde han følgd planen til punkt og prikke.

2

FØR NESJE GJEKK HEIMEFRÅ, ropte han for å vekke den fjorten år gamle sonen, Hans, som denne sommaren var visargut i Gørvell-familiens handelsbu. Det kom ikkje noko svar frå loftet. Nesje treiv øksa og dunka øksehammaren i takbjelken til guten kom ramlande ned trap-pene.

– Hald opp, eg er vaken! sa Hans. Han auste vatn i eit fat og fór ut døra for å få søvnen ut av auga. Så kom han inn igjen og tok til å dra på seg kledda sine, dei låg på ein stol. Da kom han på det.

– Gratulerer med dagen, far.

- Takk.

Nesje såg på son sin. Han var lang, han hadde strekt seg godt dei siste åra. Håret hadde krøllar som han kvar morgon prøvde å glatte ut med vatn. Andletsdraga hans var milde, nesten forfina, og hender og negler stelte han godt, slik som mange andre i Nesje-slekta. Neste vår skulle Hans stå for presten. Barna har vi til låns, var det somme som sa, men Nesje hadde eit håp om at guten skulle slå seg ned i nærleiken når han vart vaksen. Det var jo berre dei to. Men kven kan vita kva framtida ber i famnen? No var det mange som la i veg over Atlanteren til Amerika, utan å bry seg om at foreldra vart sittande igjen i sorg og armod.

Nesje var rusten i målet da han sa til guten at han måtte skikke seg vel, slik han hadde gjort alle dagar fram til no. Guten såg på han og sa med forsonleg røyst:

- Det skal eg, far.

Nesje plukka til seg brynesteinen sin, som låg på bordet, og ein tollekniv med slire som han feste i beltet. Så gjekk han ned den store steintrappa og stansa ein augneblink på framsida av huset. Fjella på den andre sida av Moldefjorden var eit makelaust syn i morgondisen. Utsynet mot fjellrekka var ein viktig grunn til at han hadde slått seg ned så høgt i lia. Somme av fjella låg like ved fjorden på den andre sida, andre låg lenger inne i landet, men herifrå tok dei seg ut som ein samanhengande tinderad, med meir enn sytti toppar. På dei fleste låg det enno snø. Fjorden var blank og stille, i morgonstunda såg det ut som holmane og øyane der ute flaut på vatnet.

Nesje småsprang ned bakkane og stansa ikkje før han var på toppen av Rekneshaugen. Der stod han stille ei lita

stund og gav ein tanke til sin eigen alder. Eg er vel vaksen no, tenkte han, men enno ikkje gammal. Han såg utover landskapet. Her levde han, og her skulle han leva. Han var ein mager mann, med heilskjegg og hår som krølla seg når han arbeidde fram sveitten. Han gjekk alltid med hatt når han slo, så han ikkje skulle bli for solbrend i ansiktet, men underarmane og hendene vart mørkebrune, det kunne ikkje ein arbeidsmann gjera noko med.

Under han låg den vesle byen Molde, som var vaksen fram på Reknes-godsets grunn og på grunnen til storgarden på den andre sida av elva, Moldegaard. På kvar side av den gamle kjerrevegen mellom Moldegaard og Reknes hospital var det ei husrekke, og nye bygningar kom til kvart år.

Nesje gjekk ned stien på høgre side av den store hagen som bar namnet *Humlehaven*. Her var det marker og ingen hus, i eit område nær bygrensa som framleis hørde Bolsø herred til. Bakkehellinga var gjerda inn, så ikkje beitande dyr skulle koma til, og her var det planta fleire hundre planteslag, som på forsommaren stod i si vakraste bløming. Hagen vart kalla *Humlehaven* fordi generalauditør Koren, som ein gong hadde vore eigar av det store Reknesgodset, hadde dyrka humle til ølbrygging der. No hørde Humlehaven familien Dahl til. Nicolay Dahls seglskuteskipperar, som seglde på mange hav, hadde fått i oppdrag å ta med seg heim frø, røter og stiklingar av alle dei eksotiske blomar, buskar og tre dei kunne finne, så ein kunne få sjå om dei kunne trivast i Molde. Med si blomoprakt var Humlehaven eit underverk på 62 grader nord. Øvst i bakkehellinga stod lysthuset til familien Dahl med ark og søyler. Bratta nedanfor lysthuset var dekt av eksotiske blomar. Langs gjerdet

blomstra rosebuskar, klematis og kaprifol, og over det heile susa kronene på lerk og pinjer.

Nesje drog inn blomsterangen da han gjekk forbi. Livets gang er årstidenes gang, tenkte han.

Han kom ned i askealleen som Claus Gørvell hadde planta eit par år tidlegare, etter at han hadde hogge bjørkealleen som hadde stått der sidan generalauditør Koren si tid. Askane var ikkje meir enn mannshøge enno, men like fullt kalla folk den uferdige alleen for Gørvell-alleen.

3

DA NESJE KOM ned til Gørvell-tunet, såg han at det stod ei kvinne på brygga nede ved sjøen. Ho var ikkje pur ung, kanskje tidleg i trettiåra, og ho hadde svart skaut og ferdasekk av grått lerret. Utanpå stakken hadde ho eit kvitt forkle, som om ho skulle servere i eit bryllaup.

Sidan ingen andre var å sjå, syntest han at han måtte gå ned og snakke til henne. Ho stod og følgde noko ute i sjøen med auga, men kasta eit blikk på han da han nærma seg.

– Ser du ikkje seien? ropte ho.

Det gjekk ein seistim rett forbi bryggene og innover fjorden, overflata var uroleg, sjøen kvervla, stimen flytte seg raskt, og ein flokk måsar følgde stimen og gjorde rett som det var eit dykk ned for å sjå om dei kunne få tak i noko.

– Hadde du hatt eit snøre og ein båt for handa, kunne vi ha rodd ut og tatt han! sa ho.

Nesje kom på at det låg eit garn i sjøhuset.

- Du får bli med meg, da! ropte han. Gørvell hadde ein færing liggande for utfar, og Nesje peikte, det var ikkje tid til mange ord.

- Dra inn båten! sa han. Han reiv opp døra til sjøhuset. Garnet låg i ei kasse. Han drog av seg halstørkleet og finjakka og treiv garnet. Da han kom ut, hadde ho alt båten inne ved brygga. Ho tok av seg forkleet, rulla det saman og stakk det i sekken, som ho slengde opp under takskjegget på naustet. I eit glimt såg han at ho halta litt. Ho drog båten inn til brygga og gjorde laus. Han hoppa om bord først og heldt båten til kaia, så ho kunne koma etter. Det var to par årar, dei heiv ut årane og fossrodde. Sjøen glitra, og ho var like ivrig som han. Det tok ikkje lange stunda før dei var på sida av den sydande stimen.

- No har du dei! ropte ho. Han reiste seg i båten og kasta garnet så langt han kunne. Garnet fall på tvers av stimen, og ho rodde alt ho kunne mot land. Fisken gjekk rett i maskene, det rykte hardt. Han drog inn. Det var minst tjue fiskar i garnet. Da garnet og fisken var berga opp i båten, sat ho og andøvde medan ho lo.

Det var ikkje fritt for at han sjølv drog på smilebandet.

Han plukka fiskane ut av garnet, skar under gjellane og knekte nakken på dei. Dei rodde tilbake, ho sat framleis og lo.

- Det er i grunnen min fisk, sa ho.

- Kvar er du komen ifrå? spurde han, og korleis kom du hit?

- Bror min, han Ola, skyssa meg.

Ho peika ut i fjorden, og langt ute kunne han sjå ein storfæring, som dei kalla det. Det var ein vanleg båt i ytre distrikt, større enn ein vanleg færing fordi han vart brukt både til fiske og til frakt, men likevel skulle vera lettrodd for

ein mann. I storfæringen ute på Moldefjorden skimta han ein mann som dreiv og heiste segl. Seglet gjekk opp, og mannen fekk hjelp av frålandsvinden, slik at det gjekk svint ut fjorden.

- Og kvifor skyssa han deg hit? sa Nesje.

- Han ville vel ikkje ha meg gåande heime lenger! Eg heiter Serianna. Og du?

Ho rekte fram handa, som var forbausande lita, men det var ei arbeidshand.

- Dei kallar meg Nesje, sa han.

- Da får eg òg kalle deg Nesje, sa ho. Ho gjekk og henta sekken som ho hadde stukke bort på nausttrevet. Sanneleg tok ho ikkje forkleet på seg igjen. Ho tenkte nok på å søke teneste, men det trudde han ikkje ville føre fram.

- Du burde ha kome på flyttedagen, sa han. - Eg trur han Gørvell har hyrt inn dei tenestefolka han treng.

- Eg tenkte eg skulle få røyke ei pipe i lag med han Gørvell, sa kvinnfolket. - Da ville han vel forstå at han treng meg! Kanskje du har tobakk, du? sa ho.

Ho la inn årane, drog fram ei pipe frå serken og stakk henne i munnen.

Nesje vart stum ein augneblink. Han hadde høyrte at det fanst kvinnfolk som røykte, men han hadde aldri sett det med eigne auge. Han tok seg inn.

- Tobakk er det mange år sidan eg har smakt, sa Nesje.

- Du får gå i bua til han Gørvell når dei opnar, der har dei sorten.

Han rodde inn til brygga, ho hoppa i land. Han rekte henne kassa med fisk og greidde opp garnet, før han la båten ut.

- Ta med deg fisken, sa ho.
- Eg leverer han på kjøkkenet, sa Nesje. - Det var Gørvells båt og Gørvells garn.
- Det var no vi som fekk fangsten, sa ho. - Kvar finn eg han Gørvell?
- Han Gørvell er ikkje oppe enno, vil eg tru, og ikkje veit eg om han har tid til å snakke med deg heller, sa Nesje.
- Ho tok til å gå oppover i retning av huset. Han bad henne vente ved drengestua, for no måtte han gå til kjøkkeninngangen med fisken.
- Nesje tok feil. Claus Gørvell sov ikkje frampå. Han stod på trappa og myste opp mot himmelen.
- Kva er det for ei du har funne der, Nesje? sa han.
- Ho stod på brygga di, sa Nesje. - I dag kan du få sei til middag om du vil. Vi såg ein seistim, og trur du ikkje vi fekk fanga ein heil del.
- Ta med deg fisken heim, Nesje. Få han unna før mor mi ser han, sa Gørvell med ein latter.
- Men det var ingen spøk. Mor til Claus Gørvell, fru Anne Margrete Gørvell, var sytti år, men ho styrte huset for den ugifte sonen med fast hand. Nesje såg henne sjeldan, for ho kom ikkje ut på tunet om ho ikkje hadde ein god grunn, og han var nesten aldri inne. Men han hadde sin gange på Gørvell-garden året rundt og skimta henne av og til gjennom vindauga.
- Han ville seia noko meir, men Gørvell gjorde ei handrørsle som viste at spørsmålet var avgjort. No kom han ned på tunet.
- Du søker vel teneste, sa Claus Gørvell til Serianna, og retta handa fram. - Du ser ut som om du er vant til å arbeide.

Men enno veit eg ikkje om ho Sina skal bli her. Om ho Sina blir, men ho Anna reiser, treng vi ei innejente, vi er folk nok ute.

Han snakka som om ho var innforstått med alt og alle på Gørvell-garden.

- Eg vil helst arbeide ute, sa Serianna.

- Det er ei innejente vi har bruk for i dag, sa Gørvell. - Du får spørja på Moldegaard.

Nesje fekk ein tanke.

- Kanskje ho Sina blir verande om ho får bli innetaus, sa han. - Så kan ho nye her få plassen hennar Sina!

- Ja? sa Gørvell forundra.

- Det var berre eit forslag, sa Nesje.

Gørvell stod og mønstra den framande kvinna tankefullt.

- Du har vel eit barn eller to? sa han.

- Eg hadde ei dotter, sa Serianna.

- Kvar er dottera no? sa Gørvell.

- I himmelen, sa Serianna

- Ja, sa Gørvell. - Dit står jo vår lengsel!

- Du er no glad i det jordiske også, du Gørvell, tenkte Nesje.

- Du får setta Serianna i arbeid, sa Gørvell til Nesje. - Eg trur ho Sina held på og fyrer opp i eldhuset. Det skal bakast ein del, no før slåtten.

- Eg kan den kunsten, sa Serianna.

- Du får greie deg med fjorten specidalar i året, slik som dei hine.

- Og så kosten.

- Ja, og kosten, sa Gørvell.

- Har du tobakk? sa ho. -Du har vel det, du som sel piper i krambua di?

– Ja? sa Gørvell forundra. Han gjekk inn etter tobakks-
pungen sin og gav henne ein tobakksdott med klypa. Ho
hadde fyrstikker! Stod ho ikkje der og fyrte opp og damp
laus! Gørvell såg på henne. Så lo han og gjekk inn. Like fort
kom han ut igjen.

– Vi skulle ha skore nokre lass med torv før slåttonna
byrjar, sa han til Nesje. – Kunne du gå opp i torvmyra
resten av veka?

– Men slåtten og utstyret?

– Vi begynner ikkje før om fjorten dagar.

– Eg skulle hatt med meg ein gutunge som kunne trille
torva til tørkeplassen.

– Eg skal sende opp ein eller annan, sa Gørvell.

– Kor mykje torv skal eg ta?

– Du må fylle opp utløa, sa Gørvell.

– Ja, da går veka med. Det står vel ein torvspade der, i
utløa?

– Det gjer det nok. – Og ta med deg fisken, sa Gørvell,
snudde på hælen og gjekk.

Nesje gjekk oppover mot Rekneshaugen. Fru Louise Dahl
stod i Humlehaven saman med Ole Gjelden. Ho var seksti
år og avgjort av den gamle skulen, som ein sa. Men ho heldt
seg ikkje for god til å helse på Nesje. Ole Gjelden heldt fram
med å grava og ansa ikkje slåttekaren frå Rekneslia.

– *Hva er det De bærer på, Nesje!* sa Louise Dahl.

– Det kom en seistim! sa han. – Og eg fór ut med eit garn.

– *Vil De selge til meg, Nesje?*

Her nytta det ikkje å vera vanskeleg.

– *Hvor meget behøver fruene?* sa Nesje. Han kunne snakka
dannet når det trongst.

– Alt De har! sa fru Dahl. Min sønn Bastian kommer fra Kristiania i dag. Han er uteksamineret filologisk kandiad nu, fireogtyve år gammel.

– Det er vel kjent at Bastian Dahl er en begavelse av de sjeldne, sa Nesje.

Nokre år tidlegare hadde Bastian Dahl tatt examen artium på Molde lærde skole, med beste karakter. Det var det få som ikkje visste om.

Nesje hadde gledd seg til fiskemåltidet, men no selde han fisken til fru Dahl. Han gjekk til huset sitt i Rekneslia, steig inn, drakk vatn og fann ei grovare skjorte. Ein trong ikkje gå til fjells i finskjorta. Men at han hadde tatt på seg finskjorta da han gjekk til byen om morgonen, angra han ikkje på. Tretti skilling skulle han hente hos Louise Dahl neste gong han kom forbi Humlehaven. Slik vart den vesle båtturen like mykje verdt som eit halvt dagsverk!